

## 2011 Vårprogram


Tysdag 18. jan. kl 19.30  
Soul Kitchen



regi: Fatih Akin (Tyskland 2009) 1t 40min  
Regissøren av Mot veggene og På den andre siden har laga ein hyllest til heimbyen Hamburg. Med kjærleik og humor skildrar han det multikulturelle miljøet i byen. Tysk-greske Zino driv ein restaurant i eit gammalt lagerlokale der maten vert laga i mikrobølgomn eller i frituregryta. Problema ballar på seg når han tilset ein gourmetkøkk.

**Tysdag 08.feb. kl 19.30**  
Vi prøver igjen!! Velkomen !!  
**Soul Kitchen**


Tysdag 01. feb. kl 19.30  
Armadillo



Regi: Janus Metz (Danmark 2010)  
1t 45min

Dokumentaren følgjer danske soldatar under eit 6 månaders opphald i Afghanistan.  
Armadillo er ein film som betre enn tidlegare kjem tett på og skildrar soldatane sin kvardag; keisemd, venting og krigshandlingar.  
Filmen har skapt stor debatt i Danmark, men òg her heime.

Tysdag 15.feb. kl 19.30  
I Am Love



© Magnolia Pictures

regi: Luca Guadagnino (Italia 2009) 1t 59min

Ei lidenskapeleg kjærleikshistorie ramma inn av kulinariske delikatesser og eit andelaust vakkert miljø i Milano rundt tusenårsskifte.

Emma (Tilda Swinton) er medlem av ein velstående familie der tradisjonane alltid har styrt alt, men ein dag annonserer familieoverhovudet forandring, og Emma møter ein vakker ung mann.

Tysdag 01. mars kl 19.30  
Et Øyeblikk Frihet



Et Øyeblikk Frihet

regi: Arash T. Riahi (Østerrike/Frankrike 2009) 1t 52min

Ein annleis film om menneske på fl ukt. Dette er ikkje ein trist og traurig film, men eit knippe morosame og rørende forteljingar om tilværet som flyktning. Filmen har vunne fleire prisar på internasjonale festivalar, mellom anna publikumsprisen i Tromsø.

Tysdag 15. mars kl 19.30



## Fish Tank

Fish Tank

regi: Andrea Arnold (England 2009) 2t 3min

Fish Tank er ei rå og intens skildring av ei ung kvinne. 15 år gamle Mia veks opp i ein engelsk forstad. Ho har ingen vener, ingen kjærast, ingen skule og mora har nok med seg sjølv. Men mora sin nye kjærast viser ho merksemd. Filmen vann juryprisen i Cannes.

Tysdag 29. mars kl 19.30




8 1/2

8 1/2

regi: Federico Fellini (Italia/Frankrike 1963) 2t 18min

Den desillusjonerte stjerneregissøren Guido vert lagt inn på nervesanatorium etter eit mindre samanbrot i ein trafi kkork. Han søker fred og ro, men kaos herskar overalt, også i sinnet hans. Fellini var ein av Europas viktigaste filmregissørar, og 8 1/2 er mellom dei best kjende filmene hans.

Tysdag 12. april kl 19.30



### Whale Rider

Whale Rider

regi: Niki Caro (New Zealand 2003) 1t 44min

Den sentrale i fi lmen er ei ung og viljesterk Maori-kvinne.

Ho kjempar mot stor urettferd og trongsynte tradisjonar.

Men filmen handlar òg om å ta vare på kultur og tradisjonar

for ikkje å miste seg sjølv og fotfeste i ei verd under

stadig sterkare globalisering.

Filmen vann publikumsprisen ved tre av dei største festivalane

i verda.

Tysdag 26. april kl 19.30

### Magnolia



Magnolia

regi: Paul Thomas Anderson (USA 1999) 3t 8min

Ein døande far, ei ung kone, ein mannleg sjukepleiar, ein

berømt son, ein forelska politimann, eit tidligare

vedunderborn, ein game-showvert og ei misbrukt dotter er

alle delar av mosaikken som dannar Magnolia. Ein dag vert

liva deira fletta saman, og det heile endar i eit felles klimaks.

Ein kritikarrost og sær s vellukka flettverksfilm.

Tysdag 10. mai kl 19.30  
Sommerlunsj i Roma



Sommerlunsj i Roma

regi: Gianni di Gregorio (Italia 2009) 1t 16min

Lun og sjarmerande fi lm om dei små gledene i tilværet. Gianni er middelaldrande og arbeidsledig. Han bur saman med mor si på 93 år. Pressa økonomisk endar han med å gjere nokre kjenningar ei teneste: å ta seg av mødrene deira ei langhelg.